

Saksprotokoll

Utvalg: Forvaltningsutvalet
Møtedato: 06.09.2018
Sak: 38/18

Arkivsak: 18/809
Tittel: Saksprotokoll - Detaljreguleringsplan Tistelteigen gbnr 105/237

Handsaming:

Rådmannen la fram følgjande endring av tilrådinga:
Forvaltningsutvalet legg detaljreguleringsplan for gbnr. 105/237 m.fl Tistelteigen bustadblokker, ut til offentleg ettersyn og høyring, jamfør plan- og bygningslova § 12-10. Før planframlegget vert lagd ut på høyring må plankart og føresegner endrast:

Vedtak:

Forvaltningsutvalet legg detaljreguleringsplan for gbnr. 105/237 m.fl Tistelteigen bustadblokker, ut til offentleg ettersyn og høyring, jamfør plan- og bygningslova § 12-10. Før planframlegget vert lagd ut på høyring må plankart og føresegner endrast:

- Avkøyrslene til Bjørkavegen og Furuvegen er ikkje i tråd med vegnormane, og må endrast.
- Kvalitet og mengde på felles og privat uteareal er ikkje i tråd med krava i kommuneplanen. Det må minimum sikrast 15 m² felles uteareal pr. bueining innanfor bustadområdet. Privat uteareal, minimum 7 m² pr. bueining, kjem i tillegg.
- Avfallspunkt med nedgravd løysing og leikeplass må flyttast innanfor byggegrensa.
- Bygg A med tilhøyrande parkeringsplass må ikkje kome i konflikt med byggegrensa, eventuelt må framleggsstillar synleggjere og drøfte kvifor tiltaket ikkje kjem i konflikt med ei framtidig utviding av Bjørkavegen.